



SAUDA KOMMUNE NÆRING OG SAMFUNN
Postboks 44
4201 Sauda

Sakshandsamar:
Åshild Håbrekke

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Sauda stadion

Kontrollnummer: 2022.197.I.SFRO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Øyvind Ljung

Frå Statsforvaltaren i Rogaland:
Åshild Håbrekke

Andre deltakarar frå verksemda:
Stein Ove Løvik
Sander Stielstra (Rogaland Fylkeskommune)

Andre deltakarar frå Statsforvaltaren i Rogaland:
Sissel Berntsen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar resultatet frå inspeksjon ved Sauda stadion den 02.06.2022. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom me ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Rogaland avdekka 4 avvik under inspeksjonen.

Avvik:

- Det manglar løysingar for handtering av overvatn som sikrar oppsamling av laust plasthaldig fyllmateriale slik at dette ikkje blir spreidd utanfor 11-ar banen.
- Det er ikkje iverksett tiltak som hindrar at plasthaldig laust fyllmateriale blir spreidd utanfor banen via anleggsmaskiner eller brukarar av banane.
- Brukarar av idrettsbanane blir ikkje tilstrekkeleg informert om spreieing av plasthaldig laust fyllmateriale og tiltak for å redusera risikoen for slik spreieing.
- Kommunen sitt internkontrollsystem er mangelfullt med omsyn til spreieing av plasthaldig laust fyllmateriale frå kunstgrasbanar

Avvik er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

<u>27. juni 2022</u>	<u>Åshild Håbrekke</u>	<u>Kirsten Redmond Kristiansen</u>
dato	kontrollør	fagleiar forureining
	Statsforvaltaren i Rogaland	

Kopi av rapporten blir sendt til:

- Sauda Vidaregåande Skule

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: SAUDA KOMMUNE NÆRING OG SAMFUNN	
Organisasjonsnr.: 914122406	Eigd av:
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130 - Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked	

Kontrollert eining

Namn: Sauda stadion - kunstgressbane	Anleggsnr.: 1135.0052.01
Kommune: Sauda	Fylke: Rogaland
Anleggsaktivitet: Annen aktivitet	
Løyve gitt:	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sin landsdekkande tilsynsaksjon for plasthaldig laust fyllmateriale på idrettsbanar.

Tilsynet blei gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Kjennskap til forureiningsforskrifta kapittel 23A
- Informasjonsplikt
- Tiltak mot spreiding frå bruk og oppbevaring
- Ombruk - avfallshandtering
- Kunnskaps og dokumentasjonsplikt
- Oppsamling av laust plasthaldig fyllmateriale i drensvatn og overvatn
- Snødeponi
- Internkontroll (rutinar, avvik og miljørisikovurdering)

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Sauda stadion pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Sauda stadion innan 15. september 2022 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfropost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Rogaland v/Åshild Håbrekke.

4. Varsel om gebyr

Statsforvaltaren varslar at me vil fatte vedtak om gebyr for den gjennomførde kontrollen. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemdar er fastsett i forureiningsforskrifta § 39-7. Me varslar difor at me i samsvar med forvaltningslova § 16, reknar med å fastsette gebyrsats 4 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Dette betyr i så fall at de skal betale kr. 14 000,- i gebyr for kontrollen. Dette inkluderer førebuing, gjennomføring av tilsynet, rapportskriving og oppfølging i ettertid.

De har høve til å kome med merknadar til dette varselet, jf. § 16 i forvaltningslova. Eventuelle merknadar må sendast til Statsforvaltaren i Rogaland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Rogaland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Me fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Det manglar løysingar for handtering av overvatn som sikrar oppsamling av laust plasthaldig fyllmateriale slik at dette ikkje blir spreidd utanfor 11-ar banen

Avvik frå:

Forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) § 23A-4 første ledd bokstav b

Kommentarar:

Det er eit krav til idrettsbanar der det blir nytta plasthaldig laust fyllmateriale at det er løysingar for handtering av drensvatn og overvatn.

På kontrolldagen blei det opplyst at det ikkje er iverksett løysingar for handtering av overvatn etter at forureiningsforskrifta kapittel 23A tredje i kraft.

På 11-ar banen er det fleire overvasskummar som ligg på eller i nær tilknytning til idrettsanlegget, ein av desse er vist i Bilete 1 under. Ingen av overvasskummane hadde

granulatfilter installert. Det blei derimot opplyst at dette blir vurdert, og entreprenør har vorte kontakta. Statsforvaltaren vil påpeike at om denne løysinga blir vald for å handtere overvatn, er det viktig å vurdere maskestørrelsen på filteret opp mot granulatet som blir nytta på den aktuelle banen, slik at ein sikrar at fyllmaterialet blir samla opp. Det er også vesentleg å ha rutinar for tømning, slik at dette blir gjort ofte nok, og i samsvar med anbefalinga for det aktuelle filteret.



Bilete1: Kum for overvatn på Sauda stadion. Kummen ligg utanfor løpebanen som omkransar kunstgrasbanen. Lista yst på tartandekket mot asfalten er ikkje tett i botnen.

Det blei opplyst at 7-ar banen ikkje har overvasskummar, men er laga slik at vatnet vert drenert gjennom sjølve matta. Statsforvaltaren vil kommentere at det då er viktig at fyllmaterialet blir stoppa i kunstgrasmatta (eventuelt i duken under matta). Det må sikrast at plasthaldig fyllmateriale ikkje blir dradd med ut or sidene på banen med eventuelt overvatn.

Avvik 2

Det er ikkje iverksett tiltak som hindrar at plasthaldig laust fyllmateriale blir spreidd utanfor banen via anleggsmaskiner eller brukarar av banane

Avvik frå:

Forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) § 23A-4 første ledd bokstav c

Kommentarar:

Det er eit krav at idrettsbanar der det blir nytta plasthaldig laust fyllmateriale skal ha tiltak som hindrar at fyllmaterialet blir spreidd utanfor banen via anleggsmaskiner og brukarar av banen.

Det er ikkje iverksett tiltak som hindrar at plasthaldig laust fyllmateriale blir spreidd utanfor banen via brukarar av banen. Det blei opplyst at det blir vurdert å grave ned rister brukarane må gå over for å komme inn på banane, og entreprenør har vorte kontakta.

Av anleggsmaskiner blir det nytta ein liten traktor til å slodde banane med. Denne står parkert i ein garasje ved stadion. Like utanfor garasjen var det ei renne for overvatn. På kontrolldagen blei det observert ein del fyllmateriale i denne renna.

Avvik 3

Brukarar av idrettsbanen blir ikkje tilstrekkeleg informert om spreieing av plasthaldig laust fyllmateriale og tiltak for å redusere risikoen for slik spreieing

Avvik frå:

Forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) § 23A-5

Kommentarar:

Den ansvarlege for idrettsbanar der plasthaldig laust fyllmateriale blir nytta, skal syta for å informera brukarane av idrettsbanen om spreieing av plasthaldig laust fyllmateriale og tiltak for å redusera risikoen for slik spreieing.

Ingen av banane har informasjonsskilt om spreieing av fyllmateriale og tiltak for å redusera risikoen for spreieing. Det blei opplyst på kontrolldagen at det er sendt ut informasjon til idrettslag, men det kom ikkje fram kva som konkret er informert om. Det er også viktig å påpeike at banane blir brukt av andre enn medlem av idrettslag.

Avvik 4

Kommunen sitt internkontrollsystem er mangelfullt med omsyn til spreieing av plasthaldig laust fyllmateriale frå kunstgrasbanar

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) § 5 andre ledd punkt 5, 6 og 7

Kommentarar:

Internkontrollen skal vere tilpassa verksemda si art, aktivitetar, risikoforhold og storleik i det omfang som er naudsynt for å etterleve krav i eller i samsvar med helse-, miljø- og tryggleiksløvgivinga. For Sauda kommune betyr dette at internkontrollsystemet må omfatte Sauda stadion, med omsyn til forureiningsforskrifta kapittel 23A og miljørisiko ved spreieing av plasthaldig laust fyllmateriale.

Ansvar (internkontrollforskrifta § 5, punkt 5)

Verksemda skal ha oversikt over korleis ansvar, oppgåver og mynde er fordelt. Denne oversikta skal dokumenterast skriftleg.

Sauda stadion blir eigd av Sauda kommune, og drifta av Rogaland fylkeskommune ved Sauda vidaregåande skule. Det er ein driftsavtale mellom partane. Det blei på kontrolldagen opplyst at det er kommunen som er ansvarleg for at krava i forureiningsforskrifta kapittel 23A blir følgd. Driftsavtalen må beskrive korleis ansvar relatert til drift av banen skal fordelast mellom eigar og driftar av anlegget, for å oppfylle krava i forureiningsforskrifta kapittel 23A, jf. Avvik 1-3.

Miljørisikovurdering (internkontrollforskrifta § 5, punkt 6)

Verksemder skal kartlegge farar og problem, og på den bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeida tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforhald. Dette skal dokumenterast skriftleg. Risikovurderinga bør som minimum omfatte risiko for forureining av ytre miljø ved:

- bruk, lagring, ombruk og levering av fyllmateriale.
- overvatn og drensvatn.
- snørydding.

På kontrolldagen framkom det at Sauda kommune ikkje har risikovurdert Sauda stadion med omsyn til spreiding av plasthaldig laust fyllmateriale.

Rutinar (internkontrollforskrifta § 5, punkt 7)

Verksemder skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krava i forureiningsforskrifta kapittel 23A. Rutinane skal dokumenterast skriftleg. Relevante tema som bør inngå i ein rutine for drift av ein kunstgrasbane er:

- bruk, lagring, ombruk og levering av fyllmateriale
- vedlikehald og tømning av filter og/eller rister og handtering av dette granulatet
- brøyting/snømoking
- reingjering av anleggsmaskiner før dei forlèt banen

På kontrolldagen blei det ikkje framvist dokumenterte rutinar for drift av anlegget.

7. Merknader

Det blei ikkje avdekka tilhøve som ga grunnlag for å gje merknadar på kontrollen.

8. Andre tilhøve

- Sauda kommune eig to kunstgrasbanar: ein 7-ar bane (etablert 2018/19), og ein 11-ar bane (etablert 2009). Heile anlegget blir omtala som Sauda stadion.
- Det er Rogaland fylkeskommune (Sauda VGS) som driftar begge banane. Det blei opplyst på kontrolldagen at det er Sauda kommune som er ansvarleg for at krava i forureiningsforskrifta kapittel 23A er kjende og oppfylte.
- Det blir ikkje utført snømoking på banane. På 11-ar banen er det installert varmerøyr som gjer at moking ikkje er naudsynt. 7-ar banen blir vinterstengt når det er snø.
- Nytt fyllmateriale blir lagra innandørs utan tilkomst for uvedkommande.
- Det har blitt etterfylt granulat kvart 5. år. Fyllmaterialet blir utanom dette fylt på ved behov, eksempelvis ved straffemerket. Totalt har det blitt etterfylt 20 tonn fyllmateriale sidan 11-ar banen blei etablert i 2009. Det har ikkje blitt etterfylt granulat på 7-ar banen.
- Det blir nytta Genan SBR granulat fin mix 0.8-3 mm på begge banane.
- Ved eit eventuelt terrenginngrep rundt banene (til dømes ved rehabilitering) må kommunen vere merksam på at massane kan vere forureina med ei ukjend mengde

plastgranulat. Kommunen må sørge for naudsynt kartlegging/dokumentasjon og levere eventuelle forureina massar til godkjend mottak.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta)

10. Informasjon til verksemda

Rettleiingsmateriell som det vart informert om:

- Miljødirektoratet. «Utforme og drifte kunstgressbaner med fyllmateriale av gummigranulat»: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/avfall/for-naringsliv/utforme-og-drifte-kunstgressbaner/>
- Norges Fotballforbund. «Utforming av miljøvennlige kunstgressbaner. Tiltak for å redusere spredning av granulat»: kunstgresshefte.pdf (fotball.no)